


ÅRSPLAN 2017

OLAV SLETTO-SELSKAPET



VINTER/VÅR-SLETTO

Laurdag 1.- søndag 2. april 2017: Styret i Olav Sletto-selskapet vil vera representert på Per Sivle-lagets årsmøte/seminar i Flåm. Tema: Få dei gløymde nynorskforfattarane fram i lyset. Ein av dei gløymde er Olav Sletto.

Fredag 21. april 2017: Årsmøte 2017 på Vika velferdssenter i Holet kl. 18-21, med Arild Mikkelsen som kåsør. Tema: Olav Sletto og folkehøgskulen.

HAUST-SLETTO

OLAV SLETTO-DAGEN

Laurdag 21. oktober: Mellom anna kjem dr.vit. Grethe Fatima Syed ved Universitetet i Bergen og Erling Sørli frå Duunselskapet i Holmestrand. Med utgangspunkt i Olav Sletto og Olav Duun sine hovudverk, Røgnaaldfolket og Juvikfolke, vil dei to samtala om temaet "Bygd og bygdefolk" hjå dei to forfattarane. Prof. Jørn Øyrehagen Sunde, velkjent frå tidlegare foredrag i regi av Olav Sletto-selskapet, tek denne gongen for seg Olav Slettos taler. Ny forskning, dette! Olav Sletto døydde 24. oktober 1963. Olav Sletto-dagen er derfor lagt til omkring denne dagen. Hensikten er å presentere ny forskning, ny-lesing og "mi leseoppleving" frå Olav Slettos liv og diktning. Arrangørar: Olav Sletto-selskapet og Ål bibliotek.

PROSJEKT "DIGITALISERING AV SLETTO-ARKIVET"

Hovudoppgava for styret i 2017 blir å skrive av, skanne, kopiere og lagre dokumenta i Sletto-arkivet. Det er i alt 28 arkivboksar. Boks 23 – Slettos taler – er ferdig. Mykje står att. Spannande og lærerikt!

Vi er takksame for di støtte til Olav Sletto-selskapets arbeid med å gjera forfattaren og diktninga hans kjent. Du er av hjarta velkomen som medlem!

Kvittering

Innbetalt til konto

Beløp

Betalerens kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Kontingent 2017

Namnet ditt:

e-postadressa di:

Betalt av

Betalt til

Olav Sletto-selskapet
v/Ola Ruud
3577 Hovet

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

200

00

< >

2333 22 62998